

OPTIMISTISK ALDRING

Ane Agdestein



FORORD

Det formelle arbeidet med denne oppgåva starta i desember 2019. Planlegginga og nysgjerrigheita rundt prosjektet har derimot lagt i bakhovudet lenge. Mange episodar og aktivitetar eg har tatt meg til opp igjennom livet har forma interessa for dette eksakte temaet, noko ein kan lese meir om i prosessheftet.

For å forstå oppgåva si djupne og omfang, ber eg lesaren nytte følgjande rekkjefølgje:

1. Prosessheftet
2. Rapporten "Vi over 60"
3. Dokumentasjonsrapporten for Olvikvegen 76
4. Denne presentasjonen

Då vil ein få eit klårare bilete av korleis prosjektet har utvikla seg, og kva eg har valt å fokusere på.

Tittelen "Optimistisk aldring" fremjar det positive med det å eldast. Omgrepet "aldring" tyder vekst, og er ein naturleg del av livet til alle levande skapningar, anten dei er 8 eller 80. Det skildrar altså ikkje berre høg biologisk alder, slik det helst blir brukt i daglegtalet. Likt omgrepet, famnar også "Optimistisk aldring" om alle menneske, med sitt breie program og rike aktivitetstilbod. Aldring - og "Optimistisk aldring" - er for alle.

Arbeidet med oppgåva har gitt meg mykje lærdom og gode stunder. Eg har blitt kjend med målgruppa gjennom intervju og samtalar, og gjennom faktalesing og oppgåveskriving. Parallelt med diplomoppgåva fekk eg delta eg i tilleggsfaget FH3101 – Psykologisk aldring: Vekst, nedgang og mestring, der eg også fekk mange gode innspel og diskusjonar med medstudentar.

Eg vil takke rettleiaren min, Siri Bakken, for god oppfølging, positive kommentarar og konstruktive tilbakemeldingar. Eg vil takke Per Erik Solem, førelesar i FH3101 – Psykologisk aldring: Vekst, nedgang og meistring, for interessante referansar og givande førelesningar. Vidare vil eg takke familien min for god støtte og oppmuntrande ord, og medstudentar for lærerike diskusjonar.

Eg håpar du likar oppgåva mi - at den kan inspirere til å leggje betre til rette for eit aldersvenleg samfunn, og soleis gi folket ei optimistisk aldring.

INTRODUKSJON



LITT OM MEG

Namn: Ane Agdestein
Fødd: 27.07.94
Frå: Stord, Vestland



LITT OM OPPGÅVA

Type oppgåve: Transformasjon
Lokasjon: Stord
Program: Bustadprosjekt for eldre, med fokus på fellesskap og delingskultur

INNHALD

FORORD	2
KORT INTRODUKSJON AV MEG OG OPPGÅVA	3
INTRODUKSJON AV TOMT	5
INTRODUKSJON AV EKSISTERANDE BYGNING	10
INTRODUKSJON TIL OPPGÅVA	21
OPTIMISTISK ALDRING - TEIKNINGAR	26
DETALJAR OG TEKNISKE FØRINGAR	43

INTRODUKSJON AV TOMT

STORD - EI ØY PÅ VESTLANDET
TOMT: OLVIKVEGEN 76
STADANALYSE 1 : 5 000
STADANALYSE 1 : 1 500

STORD - EI ØY PÅ VESTLANDET



Stord er ei øy på vestkysten, sør for Bergen og nord for Stavanger.





Øya Stord er delt i to kommunar, Stord (raudt) og Fitjar (blått). Leirvik (svart sirkel) er hovudsentrum i Stord Kommune.



Tomta for denne oppgåva, Olvikvegen 76 (raud sirkel) er lokalisert ca 3 km nord for Leirvik Sentrum (blå sirkel).



TOMT - OLVIKVEGEN 76



Gnr/Bnr: 28/114

Adresse: Olvikvegen 76, Stord

Oppført: 1974

Arkitekt: Knut Eide

Byggmeister: Knut Eide

Huseigar: Statsbygg

Noverande bruk: Bygget er ikkje i bruk

Tidlegare bruk: Sjukepleiarhøgskule

Tomteareal: 11 436 m²

Grunnareal: 1 301 m²

Tal etasjar: 2 + kjellar

Bruksareal: 1 742 m²


Vernestatus: Bygget er ikkje verna

Kontekst: Lokalisert i populært bustadfelt på Stord. Gåavstand til nærbutikk, barnehage, barne- og ungdomsskule, sjukehus, kyrkjegard og turløyper.

Skildring: Toetasjars betongbygning med liten kjellar. Betongsøyler med innlemma sponplater og store vindauge i fasaden



STADANALYSE - TILBOD I NÆRLEIKEN



1 - IDRETTSANLEGG OG TRIMLØYPE



2 - NORDBYGDO UNGDOMSSKULE



3 - HYSTAD BARNESKULE



4 - NÆRBUKTIKEN SPAR SAGENES



5 - FURULY BARNEHAGE



6 - STORD SJUKEHUS




7 - LEIRVIK BEDEHUS



8 - STORD KYRKJE

STADANALYSE - KVALITETAR VED TOMTA



0 10 20 m



1 - BUSSTOPP



2 - NORDVENDT HAGE



3 - UTVENDIG ATRIUM



4 - PARKERING



5 - SØRVENDT HAGE



6 - SNARVEG TIL SENTRUM



7 - SKOG OG TURSTIAR




8 - STORD SJUKEHUS

INTRODUKSJON AV EKSISTERANDE BYGNING


3D-MODELL AV EKSISTERANDE BYGNING
SITUASJONSPLAN 1:500
PLAN 1. ETASJE 1:200
PLAN 2. ETASJE 1:200
PLAN KJELLAR 1:200
BREIDDESNIITT 1:200
LENGDESNIITT 1:200
FASADAR 1:200
KONSTRUKSJON
TILSTANDSANALYSE

3D-MODELL AV EKSISTERANDE BYGNING





EKSISTERANDE SITUASJONSPLAN


0 5 10 m




EKSISTERANDE 1. ETASJE



EKSISTERANDE 2. ETASJE





EKSISTERANDE KJELLAR OG FUNDAMENT



EKSISTERANDE SNITT

0 5 10 m



BREIDDESNIFF GYMSAL




LENGDESNIFF

EKSISTERANDE FASADAR




VEST




SØR

EKSISTERANDE FASADAR



AUST





NORD

KONSTRUKSJON

Alle konstruktive element er av plastøyppt betong. I auditoriet og i gymnastikksalen går det betongdragarar i taket, medan etasjeskiljaren og taket i andre etasje kviler på betongsøylene i fasadane og betongveggane som utgjer midtkorridorane i bygget.

Golv i første etasje ligger i to nivå, der nivået i den søndre delen ligg 400 mm høgare enn den nordre.

Bygningen har ein liten kjellar som vert nytta som teknisk rom for ventilasjon.



PUNKTFORKLARING TIL AKSONOMETRI


1. Tak over 2. etg
2. Berande element, 2. etg
3. Tak over auditorium
4. Etg.skiljar / tak over 1. etg
5. Berande element, 1. etg
6. Golv 1. etg (to nivå)
7. Fundament
8. Berande element, kjellar
9. Golv, kjellar
10. Tak over gymsal
11. Berande element, gymsal
12. Golv, gymsal
13. Fundament, gymsal

TILSTANDSANALYSE



TAK

Tilstand: Funksjonsdyktig, men innvendig prega av vasskadar og mugg
Bevarast: JA
Tiltak: Skifte ut øydelagt sarnafil.
Etterisolere utvendig



BETONGKONSTRUKSJON

Tilstand: Funksjonsdyktig
Bevarast: JA
Tiltak: Etterisolere innvendig



RAUDE FASADEPLATER

Tilstand: Funksjonsdyktig men slitt
Bevarast: NEI
Tiltak: Utskifting av alle fasadeplater.
Meir isolasjon



VINDAUGE

Tilstand: Slitt
Bevarast: NEI
Tiltak: Utskifting av alle vindaug



GOLVBELEGG

Tilstand: Slitt
Bevarast: NEI
Tiltak: Utskifting av alt golvmateriale



INNVENDIGE LETTVEGGAR

Tilstand: Funksjonsdyktige men slitt
Bevarast: NEI
Tiltak: Alle lettveggar vert skifta ut for ny romløysing og betre lydisolering.



DØRER

Tilstand: Tydelege bruksmerke. For smale i breidda
Bevarast: NEI
Tiltak: Dei aller fleste dører vert skifta ut med breiare dører for å tilfredsstille krav om universell utforming



VENTILASJONSANLEGG

Tilstand: Rustprega og utdatert
Bevarast: NEI
Tiltak: Ventilasjonsanlegget vert skifta ut. Det nye anlegget vil nytte omtrent same gangbane

INTRODUKSJON TIL OPPGÅVA

KONSEPT
MÅLGRUPPE
BAKGRUNNSTANKAR I PROSJEKTERINGSFASEN
OPTIMISTISK ALDRING - EIT TRANSFORMASJONSPROSJEKT

KONSEPT



OPTIMISTISK ALDRING: EIT BUFELLESSKAP

”Optimistisk aldring” starta som eit bustadprosjekt for eldre, men utvikla seg til å bli langt større enn det. Gjennom semesteret har eg blitt kjend med målgruppa, og prøvd å finne ut korleis eg best kunne prosjektere for å imøtekomme behova som fans. Eg skjønnte fort at ”dei eldre” ikkje er ei sidestilt gruppe med spesifikke behov og fasitsette løysingar. ”Å bli eldre”

skjer ikkje over natta. Aldring er naturleg prosess ilagt alle levande organismar, og skjer så gradvis at ein sjeldan merker det. Det er difor sjølv sagt at verdiane ein held som gamal, spring ut ifrå verdiane ein har tileigna seg som ung. Dei eldre, som yngre, finn glede i å bruke tid saman med folk dei er glade i, kjenne på mestring og prøve ut nye ting. Forskjellane er kanskje korleis dei ulike gruppene prioriterer.

Optimistisk aldring ynskjer difor å tilby dei eldre dei godene som dei alltid har sett pris på, tilrettelagt slik at dei framleis enkelt kan nyte godt av dei til tross for nedsett fysisk og / eller psykisk form. Prosjektet ynskjer å knyte band mellom generasjonar, dyrke samspelet mellom ulike kulturar og styrke lærdomsoverføring.

Prosjektet er med andre ord ikkje lenger eit bustadprosjekt for eldre, men eit aldriingsprosjekt med bustadar! Med fokus på sosial og fysisk tilretteleggjing, er visjonen å transformere den 56 år gamle betongbygningen i Olvikvegen 76 til ein heim for mestring, aktivitet og livsglede, og tilby ei optimistisk aldring for alle deltakande.

MÅLGRUPPA

KVEN ER "DEI ELDRE"

I denne oppgåva er brukargruppa lagt til folk som er 60 år og eldre: Folk som stort sett held god helse og ynskjer å delta aktiv i samfunnet og i eige liv, men som samstundes må byrja å tenke på dei konsekvensane aldringsprosessen har eller vil føre med seg.

UTFORDRINGAR

Alderdomen er å kjenne både på kropp og i sinn. Ein blir svakare og mister finmotorikken, og hugsar dårlegare. I tillegg har dei eldre gjerne avgrensa økonomiske rammer, då dei ikkje lenger er i arbeid. Den sosiale omgangskretsen minkar; ein mistar gjerne vener og venninner til daud eller sjukdom. Familie flytter vekk og startar eigne liv med eigen familie, og ein sjølv er gjerne ikkje i stand til å besøke kjenningar. Risikoen er stor for at ein vil kjenne seg meir einsam enn før.

KORLEIS OPTIMISTISK ALDRING SVARAR PÅ UTFORDRINGANE

Optimistisk Aldring har som visjon å imøtekomme både fysiske og psykologiske utfordringar dei eldre måtte kjenne på. I bufelleskap kjem ein automatisk inn i ei sosial gruppe der ein blir inkludert. Bustadane er utforma på eitt plan, og alle bruksrom i bygningen er universelt tilgjengelege. Det rike aktivitetstilbodet i bygningen er til for å sysselsetja dei eldre, men også for å invitere inn folk utanifrå, slik at dei eldre får møte andre menneske. Lokasjonen til bustadprosjektet er nøye utvald, med umiddelbar tilgang til butikk, busstilbod og universelt utforma turvegar.

BAKGRUNNSTANKAR I PROSJEKTERINGSFASEN




FOLK TREKKER FOLK

Til grunn for mange val tatt ved utforming av ny planløsning, ligg teorien om at folk ynskjer kontakt med folk. Innad i bygningen er det lagt til rette for at folk kan møtast uoppfordra, til dømes i entreen eller i kafeen. Velkjend for eldre menneske er også deira nysgjerrigheit for kva som føregår på utsida av bygningen, gjennom vindauge! Difor er gjerne bruks- og samlingsrom som ikkje treng å vere skjerma for innsyn, plassert slik at dei får god kontakt med miljøet utanføre.




RULLATORANGST!

I samtale med personar i brukargruppa kjem det fram at det eksisterer ei form for ”rullatorangst”. Den eldre gruppa er stolte menneske, som heile sitt liv har utført arbeid og klart seg på eiga hand. Å verta avhengig av hjelpemiddel som gir visuelle signal om at helsa skrantar, opplevast som krenkjande. Det er difor tenkt at hjelpemiddel som rekkverk, ramper og heis, vert addert til bygningen sitt design på ein elegant og naturleg måte, slik at ein ikkje tenker over at ein sjølv eller andre nyttar seg av dei. Alle passasjar og dører må stille til krava for universell utforming, og det skal ikkje opplevast vanskeleg eller til bry å komme rundt med til dømes rullestol eller rullator.



FORMBARE LEILEGHEITER

Hovudpoenget med bustadprosjektet er å byggja ein heim der brukarane kan forbli sjølvhjelpete så lenge som råd, til tross for aldring og eventuell funksjonsnedsetting. Ein skal kunne flytte inn og bu her uavhengig av alder og funksjonsevne, og ha moglegheita til å eldast på same vis. Det er viktig at leilegheitene er formbare og kan ”vokse saman med brukaren”.



AKTIVER, IKKJE PASSIVISER!

Om miljøet blir for tilrettelagt og ikkje byr brukarane utfordringar, kan dei risikere å bli passivisert. Heiser og løfteplattformar skal til dømes ikkje erstatte trapper, men vere eit tilbod for dei som er avhengige av dei.

OPTIMISTISK ALDRING - EIT TRANSFORMASJONSPROSJEKT

Det var viktig for meg at prosjektet vart utforma med tanke på miljøet. Ved synfaring på ulike aktuelle tomter, jakta eg difor anten på bygningar som kunne attbrukast, eller bygningar som kunne rivast for så å nytta det rivne materiale i eit nytt prosjekt.

Eg bestemte meg for å jobbe med den gamle sjukepleiarhøgskulen i Olvikvegen 76, ein betongbygning frå 1974. Betong er eit materiale som vanskeleg lar seg attbrukast, så eg ville bevare så mykje av dette som mogleg. Ved første augekast var det lite eg fann innbydande ved den grå, kalde steinfasaden. Men ettersom eg vart betre kjend med bygningen, vart eg etter kvart glad det stilreine uttrykket og bestemte meg for ikkje å kle det vekk. Eg har difor valgt å etterisolere bygningen på innsida, som eg går nærare innpå seinare i presentasjonen.

Sjukepleiarhøgskulen og naboblokka Ådlandtoppen AS vart oppført i tilknytning til kvarandre, med tre års mellomrom. Dei er teikna av same arkitekt, og har identiske fasadar. Fleire bygningar på Stord er oppført i same stil, mellom anna Stord Sjukehus og Stord Kulturhus. Eg ynskja å ta vare på det arkitektoniske stiluttrykket frå 1970-talet, men også å tilføre det varme og liv i form av levande materiale. Eg har difor nytta trespiler som ny ytterkledning mellom betongsøylene i fasaden og trekarmar i vindauga, som dessutan er miljøvenlege materiale som kan attbrukast i seinare prosjekt.



STORD KULTURHUS




STORD SJUKEHUS

OPTIMISTISK ALDRING / TEIKNINGAR

SONEINDELING
SITUASJONSPLAN 1:500
SITUASJONSSNITT 1:500
FJERN OG BEVAR-DIAGRAM
PLAN 1. ETASJE 1:200
PLAN 2. ETASJE 1:200
PLAN KJELLAR 1:200
SNITT 1:200
FASADAR 1:200

SONEINDELING



Ved kartleggjing av kva funksjonar eg ynskja inn i prosjektet, oppretta eg ei overordna soneinndeling for planløysinga.

BUSTADSONE

Den nordre delen av bygningen høyrer til bebuarane. Her har bygningen god kontakt ut mot gangveg og nabolag. Her er leilegheiter både på aust og vestsida av midtkorridoren av ulik karakter og storleik. Det blir installert heis til bustadane i andreetasje, der det i tillegg finnast eit gjesterom til disposisjon for alle bebuarane. I bustadsona er det også laga privat spa og felles vaskerom.


SOSIAL SONE

Sosial sone inviterer folk utanfrå inn i bygningen, og er ei kjelde til sosial kontakt for bebuarane. Midtfløyen vert nytta til fellesareal og kafé, med storkjøken mot aust. Her kan studentar komme for å gjere skulearbeid, eller barnefamiliar for ein kopp kakao etter ein tur i skogen. Kaféen er også fin å ha dersom bebuarane har stort besøk, då det er fleire sitjeplassar her enn inne i leilegeitane.

AKTIV SONE


Den store takhøgda i eksisterande gymnastikkfløy vert utnytta til festlokale for større tilstelningar som dans og feiringar. Salen kan også nyttast til konsertar og føredrag, eller fellestrening som yoga og andre gruppetimar. Storsalen er lik kaféen offentleg for alle når det foregår offentlege arrangement. I delen mot vest er det tenkt å leggje til rette for treningsrom der kven som helst kan kjøpe seg tilgang.

TRANSFORMERT SITUASJONSPLAN



TRANSFORMERT SITUASJONSSNITT

0 5 10 m



1. ETASJE - FJERN OG BEVAR-DIAGRAM




Diagramma viser kva eksisterande veggjar som vert verna, og kvar nye veggjar vert plassert. Rehabiliteringa av bygningen held tre nivå, der eksisterande veggjar anten vert etterisolert eller totalrehabiliterert, samt at det vert sett inn nye veggjar. Alle innandørs lettveggjar vert skifta ut erstatte med nye. Alle veggjar som bevarast er dermed anten betong eller teglstein, og desse blir etterisolert ved behov.

Eg har vald å etterisolere bygningen på ikkje-eksponerbar side for å bevare det arkitektoniske uttrykket i fasaden. Meir om dette frå side 42.

EKSISTERANDE PLAN


- BEVARAST
- FJERNAST



TRANSFORMERT PLAN


- BEVARTE BETONGVEGGAR SOM ETTERISOLERAST VED BEHOV
- NYE VEGGAR, EVT. TOTALREHABILITERING AV EKS. VEGG SOM STÅR PÅ SAME PLESS

2. ETASJE - FJERN OG BEVAR-DIAGRAM



EKSISTERANDE PLAN


- BEVARAST
- FJERNAST




TRANSFORMERT PLAN

- BEVARTE BETONGVEGGAR SOM ETTERISOLERAST VED BEHOV
- NYE VEGGAR, EVT. TOTALREHABILITERING AV EKS. VEGG SOM STÅR PÅ SAME PLASS


TRANSFORMERT 1. ETASJE





TRANSFORMERT 2. ETASJE



TRANSFORMERT KJELLAR



TRANSFORMERTE SNITT



SNITT AA'



SNITT BB'

TRANSFORMERTE SNITT



SNITT CC'



SNITT DD'

TRANSFORMERTE FASADAR





VEST




SØR

TRANSFORMERTE FASADAR




AUST 1



AUST 2

TRANSFORMERTE FASADAR




NORD 1



NORD 2

FELLESSTOVA

Fellesstova i nord var tidlegare nytta som auditorium. Eksisterande amfi bevarast i transformert prosjekt, og alle nivå blir gjort tilgjengelege vha ramper. Rommet er meint som ei sosial sone for bebuarane, men også som eit rom for ro og ettertanke. Her kan bebuarane sysle med potteplanter og hagestell heile året. Betongen i særleggande vegg er eksponert, medan resten av veggane som vender ut er etterisolert og kledd i trepanel. Materialebruken av betong og tre gir ei kjensle av å vere utandørs. Betongdragarane i taket er bevart av estetiske årsakar, og det er sett inn glastak mellom dei, som gir rommet mykje dagslys. Rommet er dog nordvendt og vil ikkje bli eksponert for for mykje direkte sollys.



KAFÉ


Kaféen ligg i hjartet av prosjektet. Betongsøylene i fasaden mot vest bevarast, og dei eksisterande finérplatene blir erstatta med store vindauge. Betongveggen, som i eksisterande prosjekt er vestliggande vegg i midtkorridoren, blir omgjort til søyler for å opne opp rommet. Kaféområdet består i eit stort fellesareal med ein del som kan stengast av og tingast til møter, og ei "ølstove" med biljardbord og flatskjermar. Kjøkenet tilhøyrande kaféen er plassert i aust, med luker til kafé-området for matbestilling og innsamling av brukt servise. Kaféen er rommet der bebuarane oppfordra kan komme i kontakt med folk utanifrå. Det er varmt i uttrykket, med bruk av trepanel i senka himling og på golvet, og dei store vindaugane sørger for mykje innslepp av dagslys.



UTEAREAL



Tilhøyrande prosjektet er ein flott hage i sør, som nyttast til hagestell og hønehald. Både bebuarane og folk utanifrå kan kjøpe seg inn i parsellhagane sør på tomta. Illustrasjonen viser hønehuset, med dei store vindauga til treningsrommet og naboblokka Ådlandtoppen Internat i bakgrunnen.



DETALJAR OG TEKNISKE FØRINGAR

PRINSIPDETALJAR AV ETTERISOLERING 1:20

FASADEDETALJ 1:50

KONSTRUKSJONSDetaljar 1:10


HANDTERING AV OVERVATN

VENTILASJONSDIAGRAM

PRINSIPDETALJAR AV ETTERISOLERING




EKSISTERANDE TAK



VERTIKALSNITT


REHABILITERT TAK



TILTAK


- Fjerne eksisterande himling og erstatte med ny
- Etterisolere for å unngå kuldeinnslepp via betongen i tak og etasjeskiljar

EKSISTERANDE GOLV



VERTIKALSNITT


REHABILITERT GOLV



TILTAK


- Fjerne eksisterande golvbelegg.
- Legge isolasjon og nytt golv
- Unngå høgdeforskjell mellom golvmateriale i eitt rom til eit anna. Trinnfri tilkomst til alle rom

EKSISTERANDE BETONGVEGGAR



HORISONTALSNITT

REHABILITERTE BETONGVEGGAR



TILTAK

- Bevare betonguttrykket i fasaden
- Etterisolere alle betongveggar på ikkje-eksponerbar side
- Bevare betongsøylene i fasaden og skifte ut eksisterande finérplater med ny kledning, samt etterisolere.

■ EKSISTERANDE BETONG
■ ISOLASJON

■ STENDERVERK
■ FINISH (KLEDNING, BELEGG ETC.)

FASADEDETALJ




Eksisterande fasade er stilrein i uttrykket. Betongsøylene følger eit bestemte grid med bestemt avstand mellom søylene. Alle sponplatene innsett mellom betongsøylene er identiske. Eg ynskja å bevare dette stilreine uttrykket av både arkitektoniske og miljøvenlege grunnar. Så nært som alle betongveggar er bevart i det transformerte prosjektet. Finérplatene mellom søylene vert skifta ut grunna slitasje, og erstatta av spileverk. Alle eksisterande ytterveggar blir etterisolerte.

I fasadane har eg nytta liggande trespiler á 48 mm som kledning. Over og under vindauga ligg spilene horisontalt og tett, medan dei i området mellom vindauget og betongsøyla ligg spreidd med 48 mm avstand. Alle gelender av tre kopierer dei separerte spilene i uttrykket. Ved private verandaer som går innover i bygget, er det nytta ståande kledning av tettliggande trespiler á 48 mm.


KONSTRUKSJONSDETALJAR

10 20 30 40


cm




DETALJ A - Etterisolering av søyle i fasaden (horizontalsnitt)




DETALJ B - Etterisolering av søyle ved veranda (horizontalsnitt)



DETALJ C - Vertikalsnitt av yttervegg gjennom vindauge og etasjeskiljar




OVERVASSFØRING



Eksisterende bygning nyttar innvendig vassføring. Eg ynskjer å gjere det same i det rehabiliterte prosjektet for å bevare det arkitektoniske uttrykket i fasadane. Røyrføringar i transformert prosjekt nyttar eksisterande sluk på taket, og går på same stad som i eksisterande prosjekt, med unntak av over auditorium der det er lagt nytt glastak. Her blir vatnet leia langs glastaket i sørgående retning, og langs med betongdekket ut til vest- og autsliggande yttervegg for vidare føring ned i grunnen.


Skjemaet til venstre viser korleis sluka på taket leiar vatnet i røyr gjennom dei ulike etasjane.

VENTILASJONSDIAGRAM



Det transformert prosjektet har fire system for ventilasjon. To av dei er mekanisk drifta med eige teknisk rom og varmegjenvinnar. Desse er i bustaddelen og i storsalen. Dei to andre har berre røyrføring for avtrekk, og romma tilhøyrande desse systema får tilført frisk luft gjennom ventilar i vindauga. Kjøkkenhettene i leilegheitane og på storkjøkenet har eigne føringa for avtrekk.

2. ETASJE



- SENKA HIMLING
- RØYRFØRING FOR AVTREKSLUFT
- RØYRFØRING FOR KJØKENHETTER
- RØYRFØRING FOR TILLUFT

1. ETASJE